Høgskulen på Vestlandet

# 29/25-B LØYPEMELDING: UTVIKLING AV DEN EIGENFINANSIERTE STUDIEPORTEFØLJEN VED HVL - INNMELDING AV PLANLAGDE ENDRINGAR FOR STUDIEÅRET 2026/27

Anne-Grethe Naustdal
Prorektor for utdanning
Styremøte 12.juni 2025



# Tidlegare signal frå styret i arbeidet med studieporteføljen

**Sak 55/23-S:**

- Styret ynsker å bli tidleg involvert i arbeidet med utvikling av studieportefølje
- Fokus på samanhengane mellom studieportefølje, rekruttering og campusutvikling

**Sak 9/24-B:**

- Høgskulen må vurdere å flytte studieplassar mellom ulike studieprogram
- Styret spør om det kan gjerast meir for å greie ut alternativ for å styrke dei ulike campusane; til dømes via satsing på fleksible, samlingsbaserte tilbod på dei mindre campusane, for å ivareta dei tilsette og svare ut HVLs samfunnsmandat

**Sak 27/24-B:**

- Sjå strategisk og heilskapleg på korleis campus vert påverka av den totale summen av endringar i fakulteta sine studietilbod

# Kort oppsummert: førebelse innmeldingar for studieåret 2026/27

- Samla sett vidarefører fakulteta den faglege profilen og studietilbodet frå inneverande år med mindre justeringar

- To nye studieprogram:
  - Bachelor i informasjonsteknologi/ IT-studium, Førde og Haugesund
  - Master in Fire Safety, Haugesund

- Fire gradsutdanningar er planlagt nedlagt, to ved campus Sogndal, eitt ved campus Haugesund og eitt ved campus Bergen
  - Bachelor i energiomstilling
  - Bachelor i natur- og opplevingsbasert reiseliv
  - Bachelor i økonomi og administrasjon, deltid
  - Master i ansvarleg innovasjon og entreprenørskap

- Bachelor i vernepleie, deltid, campus Haugesund, vil ha nullopptak neste studieår

# Forholdet mellom studietilbod på campus og studietilbod på nett




| Nivå | Organisering | Heiltid/ Deltid | Bergen | Førde | Haugesund | Sogndal | Stord | Total-sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bachelor | Campus | Heiltid | 22 | 4 | 6 | 14 | 2 | 48 |
| Bachelor | Campus | Deltid | 2 | 1 | 2 | 1 | | 6 |
| Bachelor | Nett- og samlingsbasert | Heiltid | | | | 2 | 1 | 3 |
| Bachelor | Nett- og samlingsbasert | Deltid | 1 | 1 | | | 1 | 3 |
| Master 2-årig | Campus | Heiltid | 7 | 2 | 1 | 2 | | 12 |
| Master 2-årig | Nett- og samlingsbasert | Heiltid | 3 | | 1 | 1 | | 5 |
| Master 2-årig | Nett- og samlingsbasert | Deltid | 10 | 1 | 2 | | 2 | 15 |
| Master 5-årig | Campus | Heiltid | 3 | | | 2 | 2 | 7 |
| Årstudium | Campus | Heiltid | 2 | | 1 | 7 | 2 | 12 |
| Årstudium | Nett- og samlingsbasert | Heiltid | | | | 3 | 1 | 4 |
| Årstudium | Nett- og samlingsbasert | Deltid | 1 | | | | | 1 |
| **Totalt** | | | **51** | **9** | **13** | **32** | **11** | **116** |

*Tabell 7 Studietilbodet 2025/2026 fordelt på campus dei vert tilbydd på. I tabell 2 er utdanningar som vert tilbodne på fleire campus talt ein gong per fakultet. Dette gjer at totalt tal på utdanningar i tabell 2 og 7 er ulikt. Dei nett- og samlingsbaserte masterutdanningane kan ha alternerande opptak mellom campus for ulike studieår*

Tilstandsrapporten 2025 https://hkdir.no/rapporter-undersokelser-og-statistikk/tilstandsrapport-for-hoyere-utdanning-2025

**Figur 5.5 Fordeling av studenter på gradsgivende og ikke-gradsgivende, ordinære og fleksible utdanninger. Andel**



# Hovudtrekk innmelding Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Gode søkjartal, høg produksjon, etterspurd kompetanse
- Vurderar å ha avgrensa handlingsrom til å gjere større interne omprioriteringar innanfor eiga ramme av basisfinansierte studieplassar
- Strategiske og økonomiske vurderingar knytt til ned-trekk av ytterlegare 66 studieplassar i studieporteføljen for 2026/2027



# Hovudtrekk innmelding Fakultet for lærarutdaning, kultur og idrett

- Står føre stor omlegging av lærarutdanninga
  - Dagens 11 rammeplanar blir erstatta med ein for ordinære lærarutdanningar og ein for samiske lærarutdanningar
  - Institusjonane kan truleg ta i bruk ny rammeplan frå studieåret 2027/28.

- FLKI melder at dei på grunn av endringar i rammeplan ikkje planlegg å flytte studieplassar på lærarutdanning mellom studieprogram og campus no.

- Fakultetet tilpassar aktiviteten til det samla tal eigenfinansierte studieplassar gjennom å tilby samlingsbaserte utdanningar på bachelor- og masternivå, og auke kapasiteten på studietilbod med god søknad.



# Hovudtrekk innmelding Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap

- Dei fleste planlagde endringane i studieporteføljen har auka rekruttering som siktemål, slik at aktiviteten blir tilpassa det samla talet på eigenfinansiserte studieplassar

- Vurderer å etablere alternative opptaksvegar (y-veg) på fleire av ingeniørutdanningane

- Som oppfølging av nedlegging av Bachelor i ingeniørfag, bygg ved campus Førde ser ein no på fagmiljø og profil, rekrutteringspotensiale og kompetansebehov i regionen med mål om å undersøke grunnlaget for ein framtidig utdanning i byggfag i Førde. Arbeidet vil i kommande studieår fortsette i eit utviklingsprosjekt kor ein ser på eit tettare samarbeid med fagskulen i Førde innan bygg og miljø.



# Vegen vidare

**Nasjonalt**

- Økonomiske rammer endra
- Sjølvstendig  ansvar for å dimensjonere studietilbod i tråd med kompetansebehova i ulike delar av arbeidsmarknaden
- Ny utviklingsavtale 2026
- Nye rammeplanar for lærarutdanninga
- Fagskulemeldinga
- Krav til studiekvalitet i lov og forskrifter

**Institusjonelt**

- Revisjon av HVL-strategi
- Retning for vidare arbeid med strategisk dimensjonering av studieporteføljen
- Periodisk evaluering av samla studieportefølje 2026
- Balanse mellom økonomisk berekraft og studiekvalitet: Læringsmiljø, gjennomføring, relevans
- Fakulteta peikar på behovet for ein arena for samarbeid og drøfting av strategisk utvikling av campus og studieportefølje